



## **Finansutvalet 2. mars 2016**

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 10:00

## **Budsjett/økonomiplan 2017-2020 Arbeidsdokument 2/16**

### **1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27.01.16**

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

#### Tilråding

Møteboka frå møte i finansutvalet 27.1.16 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

### **2 FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDELING OG FRAMDRIFTSPLAN**

#### **2.1 Arbeidsdeling og framdriftsplan**

Fylkesrådmannen skrev i arbeidsdokument 1/16 at han ville kome attende til prosess og framdriftsplan for arbeidet med økonomiplan 2017-2020 våren 2016.

Fylkesrådmannen si oppfatning er at prosessen og arbeidsformen som vart nytta våren 2015 var god, og vil difor tilrå å følgje det same opplegget no. Men det vert behov for å endre tidspunkta for når dei ulike arbeidsoppgåvene skal utførast.

Fylkesrådmannen kjem no med framlegg om følgjande prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan fram mot fylkestinget i juni 2016:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
<b>02.03.2016</b>	Finansutvalet godkjenner skisse til prosess og framdrift	FINU	
<b>Mars - april</b>	Administrativ utgreiingsfase		FRM
<b>04.05.2016</b>	Framlegging av utgreiingsrapportar – utan tilrådingar/konklusjon	FINU	
<b>11.05.2016</b>	Framlegging av kommuneproposisjonen 2017	(KMD)	
<b>12.05.2016</b>	Orientering om administrative utgreiingar og kommuneproposisjonen for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala.	FT HU	
<b>24.05.2016</b>	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
<b>31.05.2016</b>	Hovudutvala si handsaming	HU	
<b>01.06.2016</b>	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
<b>14/15.06 2016</b>	Fylkestinget si sluthandsaming	FT	



**Administrativ utgreiingsfase:** I denne perioden gjennomfører fylkesrådmannen pågående utgreiingar som finansutvalet har definert.

**Politiske prioriteringar:** Når utgreiingane er ferdige, vert dei først presenterte for finansutvalet. I denne presentasjonen skal ikkje fylkesrådmannen «meine noko», berre prøve å få fram kva konsekvensar utgreiingane viser (økonomiske, administrative og andre). Politisk side får så høve til å sjå resultatet av dei ferdigstilte utgreiingane samla og vurdere konsekvensane av utgreiingane opp mot kvarandre. Dette vil sikre det overordna perspektivet i prioriteringane.

For å sikre ei god forankring av utgreiingane vert det vidare lagt opp til ei fellesorientering for heile FT med påfølgjande møte i hovudutvala 12 mai. Det vil då vere aktuelt å presentere materialet som er lagt fram for finansutvalet, samt orientere om innhaldet i den nyleg framlagde kommuneproposaljen. I etterkant av orienteringa vert det lagt opp til at hovudutvala får gjere strategiske val og interne prioriteringar på eigne sektorar. Det vert også lagt opp til at hovudutvala vil få den sektorovergripande utgreiinga knytt til folkehelse til handsaming i mai, jf. pkt. 3.3.

**Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20:** Det vert lagt opp til at fylkesrådmannen kjem med eit samla administrativt framlegg som grunnlag for den politiske handsaminga. Dette sikrar at det politiske nivået får eit samla opplegg å forhalde seg til, samstundes som fylkesrådmannen får høve til å gje uttrykk for ei samla administrativ prioritering. Fylkesrådmannen kjem med sitt framlegg på «fritt grunnlag», men vil sjølv sagt – så langt råd er – forhalde seg til hovudutvala sine prioriteringar og finansutvalet sine ev. merknader. Hovudutvala sine prioritersvedtak vil følgje det administrative saksframlegget. Denne arbeidsmåten og dette tankesettet vart nytta i 2015, med godt resultat.

**Politisk slutthandsaming:** Det vert så lagt opp til ordinær politisk slutthandsaming av framlegget, der hovudutvala mv. får høve til å kome med sine tilrådingar før saka vert handsama i fylkesutval og fylkesting. Det er først no at politisk side får dei fleste sektorovergripande utgreiingane til handsaming.

### Medverknad og informasjon

Dei tillitsvalde vil også i år bli invitert til orienteringa den 12. mai, samt invitert til å kome med innspel/merknadar til det administrative utgreiingsarbeidet. I samband med sluttrapportane fra utgreiingsarbeidet vert desse innspela og ev. eksterne innspel lagt ved og synleggjort overfor politisk side.

### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til arbeidsdeling og framdriftsplan i høve økonomiplanprosessen våren 2016. Dette inneber mellom anna at fylkesrådmannen får i oppdrag å:

- Ferdigstille pågåande utgreiingar
- Kome med administrativt framlegg til økonomiplan 2017-20 som grunnlag for politisk handsaming.

Finansutvalet er innforstått med at dei tillitsvalde får medverke som skissert.

## **2.2 Bestilling til hovudutvala**

Med grunnlag i dei ferdige utgreiingane våren 2015 vart hovudutvala, som sektorspesialistar, inviterte til å prioritere mellom utgreiingane på eigen sektor. I framlegget til økonomiplan vart desse prioriteringane følgt opp og deretter vedteke av fylkestinget.

Fylkesrådmannen vil tilrå at hovudutvala på sitt møte i mai også denne gongen får handsame ferdige utgreiingar på eigne sektorar. Vidare bør hovudutvala, som ev. har uspesifiserte innsparingskrav i sektorrammene for 2017, ta stilling til korleis desse skal handterast. Ev. særskilte omprioriteringar av alt vedtekne innsparingstiltak som hovudutvala meiner det er naudsynt å spele

inn, bør handsamast som ein del av arbeidet med økonomiplanen. Det er føresett at ev. nye tiltak må gje same innsparingseffekt.

Fylkeskommunen har etablert rutinar i høve søknad om finansiell medverknad. Desse rutinane er nedfelt i kap. 1.5 i Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019. I rutinen står det m.a. følgjande:

«Søknader/innspel som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemder og aktivitet innanfor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.».

Dersom det i løpet av våren 2016 kjem inn eksterne søknadar om finansiell medverknad vil fylkesrådmannen tilrå å hovudutvala handsamar desse i september. Då har fylkestinget gitt sektorrammene for 2017 og hovudutvala skal kome med sine tilrådingar til eit meir spesifisert 2017-budsjett til finansutvalet.

#### Tilråding

Hovudutvala vert på sitt møte i mai invitert til å kome med følgjande innspel:

- Gje ei prioritert rekkefølge på dei utgreidde tiltaka på eigne sektorar. Der utgreiingane er bygd opp slik at dei viser ulike nivå/tersklar for gjennomføring av tiltak, skal kvart nivå handsamast som eiga «prioriteringseining» i den samla prioriteringa.
- Gje ei tilråding til korleis eit ev. uspesifiserte innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast.
- Kome med ev. særskilte omprioriteringar på vedtekne innsparingskrav.

Eksterne søknadar om finansiell medverknad i 2017 vert å ta stilling til av hovudutvala og finansutvalet i september 2016.

### **2.3 Innspel frå råd og utval**

Når finansutvalet no i dette arbeidsdokumentet har fastsett prosess, arbeidsdeling og arbeidsplan, vil fylkesrådmannen orientere ungdomspolitisk utval, fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne om dette. Vidare vil fylkesrådmannen invitere dei til å kome med evnetulle innspel/merknadar til økonomiplan 2017-2020.

#### Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen si orientering i høve innspel frå råd og utval til vitande.

### **2.4 Oppbygging av økonomiplan 2017-2020**

Fylkestinget skal i juni handsame framlegg til økonomiplan 2017-2020. Fylkesrådmannen vil tilrå at ein utarbeider denne etter same mal som i fjar, jf. FT-sak 26/15 økonomiplan 2016-2019. Dette inneber at:

- Økonomiplanen vert eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019. Det betyr at det berre er endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan som vert kommenterte.
- Økonomiplanvedtaket har som føremål å vere retningsgjevande for arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
- Saksframstillinga får status som økonomiplan 2017-2020. Det vert ikkje utforma eit eige plandokument. Den tekstlege omtalen av økonomiplan 2017-2020, utover saksframlegget, vert lagt fram for politisk handsaming som ein del av budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 i desember 2016.

#### Tilråding

Økonomiplan 2017-2020 vert utarbeidd etter same mal som Økonomiplan 2016-2019, jf. FT-sak 26/15.

### **2.5 Påverknadsarbeid**

I statsbudsjettet for 2016 vart tapskompensasjonen utvida med 60 mill. kr for 2016, der vår del utgjer 25,140 mill. kr. Vi har vidare lagt inn føresetnader i økonomiplanen om ei årleg opptrapping

av tapskompensasjonen fram til og med 2019. Tapet vårt vert såleis føresett redusert frå 210 mill. kr til om lag 143 mill. kr. Ei årleg opptrapping av tapskompensasjonen fram til og med 2019 vil med våre føresetnader redusere behovet for utgiftsreduserande tiltak med 67,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen meiner at det så langt har vore gjort eit godt arbeid mot Stortinget. Men det er framleis viktig å halde fram dette arbeidet, slik at vi kan få redusert inntektstapet til eit nivå som kan vere mogleg å handtere.

## Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

### **3 UTGREIINGSARBEIDET – SFJ2019**

Punkt 3.1 under gjev ei oversikt over utgreiingane som vart fremja for politisk handsaming i samband med økonomiplanen for 2016-19 i juni 2015. Punkt 3.2 syner ei oversikt over status og framdrift for resterande utgreiingsportefølje. Fylkesrådmannen planlegg å leggje dei fleste av desse utgreiingane fram for politisk handsaming i samband med økonomiplanen for 2017-20 i juni i år. Punkt 3.3 inneholder eit oversyn over prosessen fram til fylkestinget skal handsame fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017-20.

#### **3.1 Utgreiingsarbeidet våren 2015**

Utgreiingane innanfor ramma av omstellingsarbeidet «SFJ 2019», som vart ferdigstilte våren 2015, vart innarbeidde i fylkesrådmannen si tilråding til økonomiplanarbeidet for 2016-19.

#### **Utgreiingsoppdrag**

	<b>Vidaregåande opplæring</b>
1.	Arbeidslivskontaktressurs ved dei vidaregåande skulane (#1)
2.	Oppfølgingstenesta (#2)
3.	Lærarressurs, som del av open skule (leksehjelp) (#4)
4.	Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane (#5)
5.	Innsparingspotensiale skule- og tilbodsstruktur (#6)
6.	Innføringsgrupper for minoritetsspråklege (#8)
7.	Gratis læremiddel og PC-ordninga (#15)
8.	Lærlingsamlingar (#16)
9.	Instruktøropplæring (#18)
10.	Drift av landslinetilbod yrkessjåfør, Sogndal vidaregåande skule (#19)
11.	Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20): Rapport frå fagskulestyret
12.	Karriererettleiing (#21)
	<b>Tannhelse</b>
13.	Strukturendringar og dekking av skyssutgifter – tannhelseutgreiing fase I (#22)
	<b>Plan og samfunn</b>
14.	Samhandling med fylkesdekkande organisasjonar (#24)
15.	Organisering og finansiering av regional planlegging (#25)
16.	Klima- og miljøretta satsing (#59)
17.	Utviklings- og planretta midlar (lokalt og regionalt utviklingsarbeid) (#60)
	<b>Næring</b>
18.	Energi, industri, og landbruk: Vurdering av heile område (#29)
19.	Innovasjon Noreg (#30)
20.	Kommunale næringsfond (#31)
21.	Kunnskap (#32)
22.	Omstellingsarbeid i kommunane (#33)
23.	Reiseliv (#34)

	24. Sjømatnæringer (#35)
	25. Kommunikasjonsteknologi (#36)
	26. Samla vurdering av innsatsen innan næringsutvikling (#37)
<b>Samferdsle</b>	
	27. Kollektiv: Bilruter (#38)
	28. Kollektiv: Båt (#39)
	29. Kollektiv: Ungdomstilbodet (#40)
	30. Kollektiv: Drift av fylkeskommunale ferjesamband (#41)
	31. Kollektiv: Takstar, produktportefølje, marknadsføring (#42)
	32. Kollektiv: Terminalar og venterom (#43)
	33. Reduksjon i løvvingane til FTU-tiltak i kommunane (#44)
	34. Veg – vinterdrift av fylkesveg (#46)
<b>Kultur</b>	
	35. Kulturarv (#47)
	36. Frivillig sektor (#48)
	37. Kunstproduksjon (#49)
	38. Kulturformidling (#50)
<b>Sektorovergripande utgreiing</b>	
	39. Internasjonalt arbeid (internasjonalisering) (#52)

### 3.2 Pågåande utgreiingar våren 2016 og 2017

Utgreiingsporteføljen som det no vert arbeidd med, har ein kompleksitet og eit betydeleg internt samordningsbehov som krev gode prosessar i organisasjonen, samt ei kvalitetssikring fram mot utsendinga av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20. T.d. treng IKT-utgreiinga og utgreiinga som vurderer løn- og rekneskapstenesta for fylkeskommunen, å bli vurdert som delutgreiingar opp mot utgreiinga om sentraladministrasjonen si rolle og storleik.

<b>Utgreiingsoppdrag</b>	
	<b>Samferdsle</b>
40.	Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (inkl. Heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggleiksarbeid) (#45)
	<b>Tannhelse</b>
41.	Ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur – fase II (#22)
	<b>Sektorovergripande utgreiingar</b>
42.	Folkehelsearbeidet (#51)
43.	IKT-tenestene (#53)
44.	Løn- og rekneskapstenestene (#54)
45.	Driftsteknikartenestene (#55)
46.	Sentraladministrasjon; roller og storleik (#57)
47.	Reinhaldartenestene (#56)
	<b>Vidaregåande opplæring</b>
48.	Rådgjeving ut over avtalefesta nivå (#7)
49.	Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet (#9)
50.	Leiingsressurs ut over avtalefesta nivå (#10)
51.	Sommarskule (#11)
52.	Rekruttering og kompetanseutvikling ped.personale (#12)
53.	Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale (#13)
54.	Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (#17)
55.	E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (#58)
56.	Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)

Nedanfor følgjer fylkesrådmannen sine kommentarar til vidare framdrift og avgrensingar for nokre av utgreiingane:

#### Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og tilbodsstruktur (#22) – på høyring til 18.03.2016

Utgreiinga vart presentert for finansutvalet i arbeidsdokument 1/16 og rapporten er no ute på høyring til kommunane og dei tilsette sine organisasjonar. Det vert lagt opp til at fylkestinget får denne utgreiinga til handsaming som eiga sak i juni 2016.

#### Reinhaldartenestene (#56) – framlegg om utsetjing

Når det gjeld utgreiingsarbeidet knytt til reinhaldartenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ønskjer fylkesrådmannen noko lenger tid grunna behov for grundige interne prosessar for å vurdere ein ny felles reinhaldsstandard. Det er pr. dato starta opp eit pilotprosjekt ved ein skule for å greie ut ein felles reinhaldsstandard for ulike romkategoriar i fylkeskommunale bygg. Fylkesrådmannen tilrår at denne utgreiinga får utsett leveringsfrist til slutten av 2016, og utgreiinga vert lagt fram i første møte i finansutvalet i 2017.

#### Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20) – justering av utgreiingsramme

Fylkesrådmannen viser til førebels tilbakemelding frå fagskulestyret i notat datert 01.04.2015. Tilbakemeldinga låg som eige vedlegg til sak om økonomiplan 2016-19 (FT 26/15). Fagskulestyret signaliserte at tilpassing av drifta ut frå utgreiingsrammer på 6 mill. kr og 13 mill. kr ikkje er realistisk som grunnlag for vidare drift. På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Fagskulen i Sogn og Fjordane får nedjustert sine utgreiingsrammer til å vurdere innsparingar på høvesvis 2 mill. kr og 4 mill. kr. Utgreiinga har leveringsfrist i 2017.

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at:

- utgreiing #56 Reinhaldartenestene får utsett leveringsfrist til slutten av 2016. Utgreiinga vert lagt fram i første møte i finansutvalet i 2017.
- utgreiing #20 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane får nedjustert sine utgreiingsrammer til høvesvis 2 mill. kr og 4 mill. kr.

### **3.3 Vidare prosess for innfasing av utgreiingsarbeidet i økonomiplanen 2017-2020**

Utgreiingane som no pågår, og som vert ferdigstilt denne våren, vert lagt fram for finansutvalet 04.05.2016. Både utgreiingsrapportane og samandraga i desse vert planlagt sendt ut i løpet av veka 17.

I samband med politikardagen 12. mai, vil fylkesrådmannen orientere fylkestinget og dei tillitsvalde om utgreiingane. Dei tillitsvalde får så frist til 20. mai med å melde attende ev. innspel og merknader til utgreiingane. Denne fristen er sett slik at det vert høve til å innarbeide innspel og merknader i framlegg til økonomiplan 2017-2020.

Hovudutvala vil i møte den 12.05.2016 få ein del av utgreiingane til handsaming.

Hovudutval for opplæring vil då handsame dei sektorinterne utgreiingane innanfor vidaregåande opplæring, medan hovudutval for samferdsle vil handsame utgreiinga om ny driftsstandard for fylkesvegnettet. Alle hovudutvala bør handsame den sektorovergripande utgreiinga knytt til folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tannhelseutgreiinga og dei andre sektorovergripande utgreiingane vert først teke inn i den politiske slutthandsaminga når fylkesrådmannen legg fram si tilråding til økonomiplan for 2017-2020.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om vidare prosess for innfasing av utgreiingsarbeidet i økonomiplanen 2017-2020 til vitande.

## 4 RULLERING AV ØKONOMIPLAN

### 4.1 Rulling av driftsrammene - føresetnader

Fylkesrådmannen vil her gjøre greie for kva føresetnader som førebels er lagt til grunn ved rulling av økonomiplanen og fastsettinga av driftsrammene frå 2019 til 2020. 2020 kjem no inn som nytt år i økonomiplanarbeidet.

Utgangspunktet ved rulling er økonomiplanrammene fastsett i budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019. For åra 2017-2019 er det i sektorrammene innarbeidd innsparingstiltak/-krav på 115 aukande til 175 mill. kr. Innsparingstiltaka/-krava på totalt 175 mill. kr er vidareført til 2020.

Vidare er hovudtilnærminga at driftsnivået for 2019 – justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/ sluttførte tiltak – vert vidareført til 2020. Fram til vi får nye grunnlagstal er det også lagt opp til at følgjande postar vert vidareført på 2019-nivå:

- Regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar)
- Renteinntekter/rentekompensasjonsordningane for skuleveg og fylkesvegar
- Kapitalutgifter. Det er ikkje teke stilling til investeringsrammer og ev. nye låneopptak 2020.
- Opptrappingsordninga for ekstraordinært vegvedlikehald.

I tillegg til dette har fylkesrådmannen førebels lagt til grunn at:

- Rammetilskotet vert nedjustert med 66,6 mill. kr i 2020 grunna tidsavgrensa kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar. Ramma til samferdslesektoren vert tilsvarende redusert.
- Tapskompensasjonen for 2016 vart for åra 2016-2019 sett av på omstillingsfondet (25,5 mill. kr i 4 år – til saman 102 mill. kr). Den årlege fondsavsettinga på 25,5 mill. kr er ikkje vidareført til 2020.
- Ramma til tannhelsesektoren er vidareført til 2020 sjølv om det pågåande kommune-reformarbeidet legg opp til at tannhelsetenesta då ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar. Rammetilskotet vert heller ikkje nedjustert.

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til dei føresetnadane som er skissert i høve rulling av driftsrammene til 2020.

### 4.2 Rulling av investeringsrammene - føresetnader

Det vert her gjort greie for kva føresetnader som førebels er lagt til grunn ved rulling av investeringsrammene frå 2019 til 2020. Eventuelle justeringar i investeringsprogramma og vurdering av nye prosjekt vert handsama i det vidare arbeidet med økonomiplanen.

#### Investeringsprogram for bygg

Fylkesrådmannen legg opp til ei vidareføring av sekkepostløyvingane på bygg frå 2019 til 2020. Dette gjeld mellom anna investeringsmidlar til pc-ordninga, inventar og utstyr (skule) og ufordelt pott til mindre ombygging/rehabilitering på skulebygga. Løyvinga til Fellesmagasinet på 30 mill. kr i 2020 er lagt inn i tråd med gjeldande framdriftsplan for prosjektet. Ramma for bygginvesteringar for 2020 vert etter rullinga på samla 79,4 mill. kr.

#### Investeringsprogram for fylkesvegar

Investeringsprogrammet for fylkesvegar i 2020 er vidareført på same nivå som i 2019, med ei samla ramme på 40,6 mill. kr. Dette omfattar løying til Førdepakkene og ufordelte sekkepost-løyvingar. Nivået på investeringane i siste del økonomiplanperioden må sjåast i samanheng med Regional transportplan (RTP) 2018-27. Arbeidet med RTP er starta, og handlingsprogrammet vil byggje på dei økonomiske føresetnadane som ligg i økonomiplanen. Det vert lagt opp til at vi i RTP-arbeidet kan utarbeide ei prioriteringssiste uavhengig av rammene i første omgang. Vidare vil vi vurdere økonomiplanrammene nærmare når vi er kome lenger i arbeidet med RTP.

I FT-sak 54/15 sa Fylkestinget at vi skal prioritere Fv. 613 Blaksettunnelen og Fv. 303 Seimsdalstunnelen i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021. Framdrifta for prosjekta vert fastlagt ved rullering av regional transportplan.

#### Investeringsprogram for skredssikring

Når det gjeld skredssikring, opprettheld fylkesrådmannen intensjonen om at prosjekta skal fullfinansierast med statlege løyingar. Investeringsnivået som ligg til grunn i 2019 er vidareført i 2020.

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til dei føresetnadane som er skissert i høve rullering av investeringsrammene til 2020.

## **5 ANDRE SAKER**

### **5.1 Rekneskap 2015**

Rekneskapsresultatet for 2015 syner så langt eit overskot på 57,1 mill. kr. Pressemeldinga som vart lagt fram i samband med offentleggjeringa av rekneskapsresultatet 15. februar 2016 følgjer som vedlegg 2. Fylkesrådmannen har no starta opp arbeidet med å vurdere om rekneskapsresultatet er av ein slik karakter at det gjev grunnlag for rammejusteringar. Resultatet frå dette arbeidet vil fylkesrådmannen kome attende til.

Fylkesrådmannen vil i juni legge fram ei eiga sak til fylkestinget om rekneskapan for 2015 og disponeringa av resultatet. Som tidlegare år vil det bli tilrådd å sette av overskotet til bufferfondet og at eventuelle disponeringar vert teke stilling til i tertialrapport 1/16

#### Tilråding

Finansutvalet tek i denne omgang orienteringa om rekneskapsresultatet for 2015 til vitande.

### **5.2 Lokale inntekter**

Fylkesrådmannen vil i dette punktet kort orientere om utviklinga i dei lokale inntektene våre, og kva føresetnader som førebels ligg til grunn. Som lokale inntekter reknar vi inntekter knytt til sal av konsesjonskraft og utbytte frå eigarpostane våre i Fjord1 og SFE. Det budsjetterte nivået på lokale inntekter i gjeldande budsjett/økonomiplan er fastesett med grunnlag i prognosar pr. 2. tertial 2015. Det er vidare lagt til grunn at vi nyttar 65 mill. kr i 2016 og 60 mill. kr årleg frå 2017 til driftsføremål. Auken i lokale inntekter utover dette - pr. 2. tertial 2015 - vart føresett nyttal til ekstraordinære avdrag på lån.

#### Utbytte frå Fjord 1

I FT-sak 46/15 har fylkestinget gjort vedtak om nedsal av eigarposten vår i F1 Holding/Fjord1. Det vart vidare vedteke at salssummen skulle nyttast til ekstraordinære avdrag på lånegjeld. Spørsmålet om lovlegkontroll av vedtaket er no avklara, jf. KMD sitt vedtak datert 11. februar 2016. Det vert arbeidd med andre oppgåver knytt til gjennomføringa av salet. Dei økonomiske konsekvensane knytt til nemnde nedsal er så langt ikkje innarbeidd i gjeldande budsjett/økonomiplan. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette.

#### Konsesjonskraft

Prisane på konsesjonskraft har endra seg mykje sidan prognosane for økonomiplanperioden vart fastsett pr. 2. tertial 2015. Prisane i dag er vesentleg lægre for alle åra i planperioden. Økonomisk sler dette inn gradvis utover - jf. vår 3-årige sikringsstartegi – med full effekt frå 2019.

Fylkesrådmannen vil kome attende med nye prognosar for konsesjonskraftinntektene våren 2016.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om lokale inntekter til vitande.

### **5.3 Kapitalinntekter og - utgifter**

I arbeidet med økonomiplanen fram mot juni 2016 legg fylkesrådmannen opp til å justere kapital-utgiftene som følge av eventuelle endringar knytt til:

- Investeringsnivået på fylkesveg og bygg
- Føresetnadane for ekstraordinær gjeldssanering

Rullering av renteføresetnadane påverkar både renteinntektene og -utgiftene. Av tidsomsyn vert ikke gjeldande renteføresetnader oppdatert før til hausten i samband med budsjettarbeidet då.

### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om kapitalinntekter og -utgifter til vitande.

## **6 VIDARE ARBEID**

Neste ordinære møte i finansutvalet er sett til 4. mai. Då skal utvalet etter planen få presentert dei utgreiingane som då er ferdigstilte. Vidare vil vi presentere eventuelle rammejusteringar som følge av rekneskapen 2015 og gjere ei ny vurdering av lokale inntekter.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
kst. økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. Møtebok frå finansutvalsmøte 27.01.2016
2. Pressemelding i samband med framlegging av rekneskap 2015

Kopi til:  
Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe  
Budsjetgruppa

**... Sett inn innstillingen under denne linja ↓  
TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOCUMENT 2/16**

**1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27.01.16**

Tilråding

Møteboka frå møte i finansutvalet 27.1.16 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

**2 FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDELING OG FRAMDRIFTSPLAN**

**2.1 Arbeidsdeling og framdriftsplan**

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til arbeidsdeling og framdriftsplan i høve økonomiplanprosessen våren 2016. Dette inneber mellom anna at fylkesrådmannen får i oppdrag å:

- Ferdigstille pågåande utgreiingar
- Kome med administrativt framlegg til økonomiplan 2017-20 som grunnlag for politisk handsaming.

Finansutvalet er innforstått dei tillitsvalde sin medverknad i omstillingsarbeidet til vitande.

**2.2 Bestilling til hovudutvala**

Tilråding

Hovudutvala vert på sitt møte i mai invitert til å kome med følgjande innspel:

- Gje ei prioritert rekkefølge på dei utgreidde tiltaka på eigne sektorar. Der utgreiingane er bygd opp slik at dei viser ulike nivå/tersklar for gjennomføring av tiltak, skal kvart nivå handsamast som eiga «prioriteringseining» i den samla prioriteringa.
- Gje ei tilråding til korleis eit ev. uspesifisert innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast.
- Kome med ev. særskilte omprioriteringar på vedtekne innsparingskrav.

Eksterne søknadar om finansiell medverknad i 2017 vert å ta stilling til av hovudutvala og finansutvalet i september 2016.

**2.3 Innspel frå råd og utval**

Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen si orientering i høve innspel frå råd og utval til vitande.

**2.4 Oppbygging av økonomiplan 2017-2020**

Tilråding

Økonomiplan 2017-2020 vert utarbeidd etter same mal som Økonomiplan 2016-2019, jf. FT-sak 26/15.

**2.5 Påverknadsarbeid**

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

**3 UTGREIINGSARBEIDET – SFJ2019**

**3.1 Utgreiingsarbeidet våren 2015**

Punkt 3.1: utan tilråding

**3.2 Pågåande utgreiingar våren 2016 og 2017**

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at:

- utgreiing #56 Reinhaldartenestene får utsett leveringsfrist til slutten av 2016. Utgreiinga vert lagt fram i første møte i finansutvalet i 2017.
- utgreiing #20 Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane får nedjustert sine utgreiingsrammer til høvesvis 2 mill. kr og 4 mill. kr.

### **3.3 Vidare prosess for innfasing av utgreiingsarbeidet i økonomiplanen 2017-2020**

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om vidare prosess for innfasing av utgreiingsarbeidet i økonomiplanen 2017-2020 til vitande.

## **4 RULLERING AV ØKONOMIPLAN**

### **4.1 Rulling av driftsrammene - føresetnader**

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til dei føresetnadane som er skissert i høve rulling av driftsrammene til 2020.

### **4.2 Rulling av investeringsrammene - føresetnader**

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til dei føresetnadane som er skissert i høve rulling av investeringsrammene til 2020.

## **5 ANDRE SAKER**

### **5.1 Rekneskap 2015**

Tilråding

Finansutvalet tek i denne omgang orienteringa om rekneskapsresultatet for 2015 til vitande.

### **5.2 Lokale inntekter**

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om lokale inntekter til vitande.

### **5.3 Kapitalinntekter og -utgifter**

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om kapitalinntekter og -utgifter til vitande.

## **6 VIDARE ARBEID**

Punkt 6: Utan tilråding

**••• Sett inn innstillingen over denne linja ↑**